

Voss musikkråd

5704 Voss

Årsmøte 2019 i Voss musikkråd. Møtereferat.

Møtet vart halde i Vossajazz sine lokalar, Vangsgata 6, tysdag 28.01.2020 kl 19.00.

Følgjande var tilstades:

Frå Styret: Øystein Dahl, Kjartan Ringheim, Knut Bryn, Halvard Bjørgo

Peder Ringdal (Fossegrimen. valnemnda, revisor) Snialvur Joanesarson (valnemnda, VOK)
Brynjulv Norheim (valnemnda, revisor)

1. Innkalling og sakliste vart godkjend
2. Øystein Dahl vart vald til møteleiar og Halvard Bjørgo til skrivar.
3. Årsmeldinga for 2019 vart referert. Årsmeldinga vart godkjend samrøystes.
4. Revidert årsrekneskap for 2019 vart lagt fram av kasseraren. Rekneskapen vart godkjend samrøystes. Frå drøftinga av rekneskapen vart det halde fram at rekneskapen bør innehalda balanse som syner verdet av musikkrådet sine eignelutar. For samanlikninga sin del bør også førre års rekneskap oppstillast saman med årsrekneskapen.
5. Innkome saker til handsaming i årsmøtet. Det var ikkje kome inn saker til handsaming på årsmøtet.
6. Val.
Følgjande styremedlemmer var på val:
Leiar Øystein Dahl
Knut Bryn
Halvard Bjørgo

Valnemnda gjorde framlegg om attval av leiar og to styremedlemmer som var på val. Valnemnda gjorde framlegg om Lillian Hjelmeland som ny i styret etter Aslak Himle som går ut pga helse. Samrøystes

Styret for komande året er etter dette slik:

Styreleiar: Øystein Dahl (attval)

Kjartan Ringheim, Ikkje på val

Knut Bryn, attval for 2 år

Halvard Bjørgo, attval for 2 år

Lillian Hjelmeland, ny, vald 1 år for Aslak Himle

Valnemnda gjorde framlegg om følgjande varamedlemmer til styret:

1. Per Helleve
2. Lajla Selland
3. Hedvig Røhnebæk

Varamedlemmane vart valde samrøystes for eit år

Første varamedlem vert alltid kalla inn til styremøter.

Revisorar: Vert valde for eit år om gongen. Revisorane vart valde samrøystes:

Peder Ringdal

Brynjulv Norheim

Valnemnd: Årsmøtet valde følgjande valnemnd:

Brynjulv Norheim (leiar)

Peder Ringdal

Snialvur Joanesarson

Voss 28.01.2020

Halvard Bjørgo
skrivar